

ÅRSMØTE 2020 I INDRE NORDMØRE FORSVARSFORENING (INF)

MØTEPROTOKOLL

Årsmøtet i INF blei halde på Hammerstuene, Surnadalsøra, fredag 14.02.20 kl. 13.00. 17 medlemmer av INF var oppmøtt.

Møtestad: Hammerstuene, Surnadalsøra.

I starten av møtet var det foredrag ved Nils E. Naastad, tidlegare førsteamanuensis ved NTN/PLU i Trondheim. Naastad har vore lærar ved Luftkrigsskolen i Trondheim i 20 år. Foredraget hadde tittelen «Situasjonen for det norske forsvaret.»

I starten av møtet bar leiar Olav Jostein Holten fram minneord om medlem Asbjørn Wæge, som gjekk bort i 2019. Wæge blei minna med 1 minutts stillhet. Forsamlinga reiste seg.

Sak 1. Val av møteleiar.

Vedtak:

Olav Jostein Holten blei vald.

Sak 2. Val av sekretær.

Vedtak:

Johs. J. Vaag blei vald.

Sak 3. Val av 2 medlemar til å skrive under møteprotokollen.

Vedtak:

Lars Halle og Sigmund Sæter blei vald.

Sak 4. Årsmelding for 2019.

Vedtak:

Styret i INF har i styremøte 14.02.20 fatta vedtak om at dei ikkje hadde nokon merknader til den utarbeidde årsmeldinga.

Vedtak:

Årsmeldinga blir vedtatt slik den ligg føre.

Sak 5. Rekneskap for 2019.

Styret har i styremøte 14.02.20 fatta vedtak om at dei ikkje hadde nokon merknader til den utarbeidde rekneskapen.

Rekneskapen for 2019 viste kr. 33.232,98 i sum driftsinntekter og kr. 57.664,16 i sum driftsutgifter. Kr. 24.431,18 i minus blei driftsresultatet for 2019.

Rekneskapen var revidert og funne i orden av revisor Jan Gausen.

Vedtak:

Rekneskapen blir vedtatt slik den ligg føre.

Sak 6. Val.

Det låg føre skriv frå valkomiteen kor det framkom at ingen av styremedlemene hadde sagt i frå om at dei ikkje hadde ønskje om å ta i mot attval. Som ny første varamedlem kom valkomiteen med forslag på Jo Inge Øverland.

Vedtak:

Alle tillitsvalde blei samrøystes valde ved akklamasjon.

Styret fekk da slik samansetting:

Leiar Olav Jostein Holten

Nestleiar Lars Indreiten (Er på val i 2021)

Sekretær Johs. J. Vaag (Er på val i 2021)

Kasserar Halvor Flatekval

Styremedlem Ivar Edmund Vatten

Varamedlemer: 1. Jo Inge Øverland og 2. Nils Johan Rodal

Revisor: Jan Gausen

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen

Johs. J. Vaag

sekretær

Underskrevet av:

Lars Halle

Sigmund Sæter